

Foretaksnavn: Bydelsbloggen
Navn: Lena B Ask
Adresse: Hillarhaugen 54
Postnr.: 5415 Stord
Telefon: 98002387
E-post: lena.ask@stord.kommune.no

Mottaker: Hordaland fylkeskommune
Saksnr.: 2016/35219

SLUTTRAPPORT

REFERANSEN.R.: 17RBAE72

Stord Filufsifestival 2017

Egenvurdering av gjennomføring av tiltaket og tiltakets effekt

Ble tiltaket gjennomført som planlagt? Ja

Egenvurdering av prosjektets faglige resultater og gjennomføring:

Trass i mange gode arrangement over heile øya denne dagen var det veldig mange som tok turen til Grøntanlegget på Litlabø i dag. Det blei delt ut over 100 liter suppe og fleire hundre pølser. Over alt det var berre blide ansikt å sjå heile dagen.

<https://bydelsbloggen.blogspot.no/2017/06/tusen-takk-til-alle-som-var-med-pa.html>

Beskriv kort hva ved tiltaket som var spesielt vellykket, middels vellykket og mindre vellykket:

Stordnytt skriv:

Mange valte å besøka Frilufsifestivalen på grøntanlegget ved Storavatnet sundag.

Det vart ein vellukka og godt besøkt Frilufsifestival på grøntanlegget ved Storavatnet på Litlabø sundag. Sæ barnehage stod for fin opning med ei lang larve av ungar og vaksne som blei til mange flotte dansande sommarfuglar før dei song «Vestlandet» til avslutning. Det mangla ikkje på aktiviteter å vera med på; kano- og kajakkpadling, natursti, stylter, livlinekasting, tauknyting, bogskyting, hesteskyss, fiffig tennbrikettlagning for å nemne noko. Av det etande var det popcorn og potetchips laga over bål, lapskaus, grillpølser, brød frå anna land laga av gutane på Litlabø mottak. Tilboda og maten vart godt teke i mot av dei besøkande.

Det var mange aktivitetstilbod på øya denne sundagen, mange valte å tilbringa kjekke timer ved grøntanlegget på Storavatnet. Særleg såg me mange barnefamiliar med yngre born og besteforeldre.

Organisasjonane som deltok var Barnas Turlag, Sæ barnehage, Ungdommens Røde Kors, Røde Kors Førstehjelp, Røde Kors Hjelpekorps, Barnas Røde Kors, Sunnhordland padleklubb, 1. Leirvik speidargruppe, Podlen Verkstad, Bydelsbloggarane, ungdommar frå Litlabø mottak, Sagvåg bygdalag, Stord Petanqueklubb, Stord bueskyttere, LivOGLyst og Litlabø og Sagvåg samfunnshus.

<http://www.stordnytt.no/2017/06/ny-vellukka-frilufsifestival/>

<http://www.stord.kommune.no/no/Nyhendearkiv1/Sok-i-nyhendearkiv/Nyhendearkiv-2016/Stord->

Gi en vurdering av i hvilken grad tiltaket forventes å gi varig økt deltagelse i friluftsliv for deltakerne:
Trur at det var mange som fekk augene opp for bogeskyting. Dette er ein klubb som har vore lite aktive dei siste åra, men som no håpar på å få mange nye medlemmar.

Dei andre organisasjonane var nøgde med besøka på sine standar, men eg har ikkje fått sjekka om dei har fått fleire nye medlemmar som eit resultat av festivalen.

Beskriv kort, gjerne med stikkord, hva som vurderes som suksesskriterier for å lykkes med denne type tiltak:

Det at alt er gratis gjer at alle har moglegheit til å vera med.

Det at alle organisasjonane tok ansvar for sine oppgåver gjer at det ikkje blir så mykje å samarbeida om, slik at det er relativt enkelt å gjenta festivalen.

I og med at me har fått støtte til festivalen, slepp ein å fordela utgiftene på dei deltagande organisasjonane og då er det mykje lettare å få dei med på dugnad til neste år.

Flere opplysninger om gjennomført tiltak

Type gjennomført tiltak: Organisert tur eller annen aktivitet som ikke er kurs eller opplæring

Ca antall deltagere fra følgende målgrupper	Antall
Personer med innvandrerbakgrunn	50
Personer med etnisk norsk bakgrunn	350
Personer med nedsatt funksjonsevne	20
Personer som er svært fysisk aktive	30
Personer som er moderat fysisk aktive	300
Personer som er lite fysisk aktive	40
Totalt antall deltagere	400

Ca antall deltagere fra følgende aldersgrupper	Antall
0-12 år	150
13-19 år	50
20-66 år	150
67 år og eldre	50

Totalt antall deltagere	400
-------------------------	-----

Vurdering av antatt helseeffekt for deltakerne: God

Begrunnelse for vurdering av helseeffekt:

Folk kan få idear til fleire aktivitetar dei kan gjera ute. I tillegg kan dei bli kjende med fleire folk som dei kan gå tur med eller gjera avtalar med folk som dei kjenner frå før.

Fleire fekk kjennskap til kanoutlånet til Bydelsbloggen og sa at dei ville nytta seg av tilbodet og mange sa at dei ville begynna på bogeskyting og andre i speidaren.

Folk som aldri har vore på Litlabø fekk kjennskap til dei flotte turløypene me har.

Samarbeid og markedsføring

Samarbeid med andre i forbindelse med gjennomføring av tiltaket

Er tiltaket gjennomført i samarbeid med andre? Ja

Det er samarbeidet med følgende:

- Innvanderorganisasjoner
- Humanitære organisasjoner
- Friluftslivsorganisasjoner
- Idrettslag
- Andre lag og organisasjoner
- Offentlige etater

Navngi hvilke organisasjoner/etater det er samarbeidet med og eventuelt nærmere beskrivelse av samarbeidet:

Fekk ha arrangementet på kommunal grunn.

Markedsføring av tiltaket

Er det utført markedsføring av tiltaket? Ja

Type markedsføring:

- Aviser/tidsskrifter
- Annet

Gi en nærmere beskrivelse av markedsføring:

Bydelsbloggen, facebook, nettavisar som til dømes stordnytt, omtale i lokalavisa, annonse på kommunen si heimeside, dei ulike organisasjonane har reklamert på sine heimesider/facebook sider.

Regnskap

Utgifter	Budsjett fra søknad	Regnskap
Grillmat frå Jeger og fisk	6 000	6 247
Leige av samfunnshuset til kurs og toalett	3 500	3 500

Ved til bålpannene	1 000	0
Suppe	12 000	12 000
Ingrediensar til mat som gutane på mottaket lagar+ andre nye organisasjonar	2 000	1 477
Reiseutgifter + kursavgift Geocahing og evt andre organisasjonar	3 000	6 000
Evt utdeling av bøffar med logo	3 500	0
Dugnad	42 000	42 000
Dugnadsmat til Røde Kors og mottaket		1 097
Lydanlegg som skal brukast festivalane framover		3 885
Stella området til festival sandstranda +dekkbark		7 997
Total sum	73 000	84 203

Inntekter	Budsjett fra søknad	Regnskap
Sum innvilget denne søknaden	42 000	36 000
Dugnadsinnsats	31 000	31 000
Andre offentlige tilskudd	0	0
Annен finansiering	0	0
Egne midler	0	17 203
Total sum	73 000	84 203

Regnskapsbalanse: 0

Forklaring til regnskapet, herunder eventuelle innsparinger/avvik i forhold til søknaden:

Ikkje tatt med:

Gratis lån av 5 kjempestore bossdunkar frå Ragnsells, verdi ukjend

Betalt av eigne midlar: 2.819 annonse Sunnhordland

Leigd inn hjelptilskudd for 4000 frå bygdalaget fordi Kverner plutselig skulle ha arrangement same dag som oss og me difor mista mange av Røde Kors-folka.

Ved for ca 1000 kr blei sponsa av Podlen Verkstad.

Hest 5000

Dette har me ikkje tatt med i rekneskapet avdi me ikkje hadde det med i budsjettet då me søkte.

Stord Jeger blei ikkje med i år fordi dei ville ha sin eigen familiedag, slik som før dei blei med oss. Dei sa at dei kanskje ville vera med i 2018. Utgiftene til grillmat har me likevel har hatt, men det er andre som har delt den ut.

Vedlegg

 Stord Friluftsfestival 2017 Rapportering.docx (Regnskap)

Merknad:

Rapporten inneholder regnskap og nokre bilete, samt lenker til fleire artiklar med bilete. Gi beskjed dersom de vil at regnskapet skal skrivast på ein annan måte.

Mvh Lena Bosvik Ask, på vegne av Bydelsbloggen
lena.ask@stord.kommune.no 98002387

[sign] Lena B Ask for Bydelsbloggen

Levert 23.12.2017